

# Sakspapir

<b>Saksbehandler</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	22/48

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
008/2022	Formannskapet	PS	22.03.2022

## Orienteringssaker

### Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

### Saksopplysningar:

#### Formannskapet - 008/2022

#### **FOR - behandling:**

Orientering frå ordførar om utkast til høyringsinnspel til Vestland Fylkeskommune sin Regional Transportplan (RTP). Utkastet til høyringsinnspelet vart gjennomgått på skjermen og blir sendt ut til medlemmene for innspel og ta ein gjennomgang etter møtet.

Lage film for å vise dei konkrete punkta - legge lenke i høyringsinnspelet. Ordførar Kjetil Eikefet har utarbeida utkast til høyringsinnspel til økonomisk handlingsprogram og investeringsprogram i Regional Transportplan.

Kristin Nåmdal: Det er viktig at dette vert eit felles dokument, og vil vere eit av dei viktigaste kanalane for å gje tilbakemelding om behov til Modalen kommune. Nytte vår rolle til å kunne påverke.

Håvard Engeseth: Busskorrespondanse Ostereidet - Modalen; viktig å få fram detaljane kring dette.

Liv Anne Aanensen: Asfaltering - og fokus på kvaliteten av dette.

Orientering frå rådmannen om mottak av flyktningar frå Ukraina.

Det er meldt tilbake om at Modalen kommune er positivt til å ta imot flyktningar frå Ukraina. Det har gått ut førespurnad til innbyggjarane i Modalen om det er ledig utleigebolig, og ein har fått nokre positive tilbakemeldingar her. Modalen kommune er oppmoda frå IMDi til å busette 20 flyktningar i 2022. Det er ikkje konkretisert kortid desse eventuelt vil komme. Kommunestyret vil få orientering og handsame ein tilbakemelding til IMDi om dette i førstkomande møte. Formannskapet ønskjer å vedta ein formell uttale om kva ein meiner om Russland sin invasjon av Ukraina, som vert handsama i

kommunestyret. Ordfører og rådmann kan kome med forslag til ein organisasjon som kommunen kan sende pengar til, som kommunestyret kan vedta.

Orientering frå ordfører om møte med Eviny:

Tema er gjeldande konsensjonsvilkår, og særskilt vilkår 19. Eviny kjem onsdag 20. april for møte med kommunen. NVE gjer sluttvurderinga kring laksetrapp.

Orientering frå rådmannen om besøk frå leiinga frå Haraldsplass Diakonale Sykehus. Fokus på møtet vert på Helsefellesskap og andre relevante avtalar.

Orientering frå assisterande rådmann om samarbeid om barnevern

Modalen kommune kjøper barnevernstenester av Vaksdal kommune. Kommunane Osterøy og Vaksdal er i ein prosess for å inngå avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid om barnevernstenesta. Modalen kommune avventer handsaming til det er avklart kva Vaksdal kommune vedtek å gjere

Ordfører orienterte om at det vert ope møte med presentasjon av rapport om næringsutvikling frå Industriutvikling Vest tysdag 29. mars klokka 1800 i kommunestyresalen

Spørsmål/innspele frå Kristin Nåmdal:

- Høyring om regional planprogram for fornybar energi. Frist 23. april 2022. bed om at Modalen kommune sender høyringsuttale.
- NVE rasvurdering av fjellparti; er det liknande overvåking av Slottet i Modalen? Teknisk sjef: NVE vurderer jamleg og kartlegger bevegelser i områder i kommunen og det er jamleg kontakt mellom kommunen og NVE.
- Oppfølging av kulturplan og stiplan/plan for rydding av turstiar i kommunen. Innspele om dialog med grunneigarane om etablering og vedlikehald av stiar. Møte med Bergen og omland Fritidsråd (BOF) om kartlegging av områder. Det er planlagt orientering frå BOF i mai i Kommunestyret. Avklaring av roller og kven som kan ta kontakt med kven, samt krav til planlegging ved merking av turstiar og struktur rundt dette (parkering ol.)

Samrøystes vedteke

#### **FOR - vedtak:**

Sakene vert tekne til orientering.